



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Pianopedagog - 10,28% fast stilling, intern utlysing

Stillingsinformasjon

Fast stilling som pianopedagog i 10,28% storleik. Spanande arbeidsoppgåver med motiverte elevar i aldersgruppa 6 - 19 år i eit kollegium med høg kompetanse.

Arbeidsplass

Meland kulturskule er ein arbeidsplass med eit kollegium med høg kompetanse og eit svært godt arbeidsmiljø. Undervisninga finn stad i Meland Aktiv på Langeland/Frekhaug eller ein av grunnskulane i kommunen.

Arbeidsoppgåver

Ansvar for planlegging og gjennomføring av undervisning og konsertar av elevar på piano. Tverrfagleg samarbeid med resten av personalet i Meland kulturskule.

Kvalifikasjonskrav

Høgare musikkpedagogisk utdanning. Søkjarar utan formell kompetanse kan og søkje. Vi har norsk som undervisningsspråk og er ein nynorskkommune. Personleg eigneheit for stillinga vil verte vurdert.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.
God pensjonsordning.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 13.07.2017

Utløst dato 27.06.2017

Vårref

692/17

Kontaktperson

Eirik Bouwer Utne, Tenesteområdeleiar, tlf: 56171059, eirik.utne@meland.kommune.no